



**Utvalg:** Kontrollutvalet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Rådhuset Tysnes kommune  
**Dato:** 03.04.2018  
**Tidspunkt:** 10:00 – 11:30

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Navn	Funksjon	Representerer
Britt Sørensen Dalsgård	Leiar	AP
Lorentz Lunde	Nestleiar	KRF
Patrick Russel Madsen	Medlem	AP
Magne Ivar Fauskanger	Medlem	FRP
Kirsten Gunn Epland	Medlem	H

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

**Følgjande varamedlemmer møte:**

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

**Merknader**

**Andre som møte:**

Navn	Stilling
Kari Gåsemyr	Forvaltningsrevisor Deloitte – i heile møtet
Steinar Dalland	Rådmann i PS 14/18
Birgitta Kuik	Personvernombud i PS 14/18
Anders Teigen	IT-konsulent i PS 14/18
Kåre Martin Kleppe	Ordfører – i heile møtet
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune – i heile møtet

Britt Sørensen Dalsgård  
utvalsleiar

Kari Marie Nygard  
utvalssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
PS 12/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 13/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 14/18	Orienteringssak om status for arbeid med tilpassing til ny personvernlov		2018/4
PS 15/18	Kurs i regi av Deloitte 2018 i Tysnes kommune		2015/1
PS 16/18	Forvaltningsrevisjon av helsestasjons- og skulehelseteneste - forslag til prosjektplan		2018/27
PS 17/18	Årsrapport frå skatteoppkrevjaren og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2017 - Tysnes kommune		2016/69
PS 18/18	Referatsaker		
RS 5/18	Pressemelding - En ny og moderne kommunelov		2015/1
RS 6/18	Innkalling til representantskapsmøte i Samarbeidsrådet 2018		2015/197
RS 7/18	Medlemsinfo mars 2018 frå FKT		2015/1
PS 19/18	Gjennomgang av møteprotokollar		2015/200
PS 20/18	Eventuelt		

## **PS 12/18 Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.04.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Det var ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

#### **Vedtak:**

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

## **PS 13/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.04.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Protokollen vert retta med at Hildur Heie er helse- og sosialsjef. Det var ellers ingen merknader til protokoll frå møte 06.02.18.

#### **Vedtak:**

Korrigert møteprotokoll frå kontrollutvalet sitt møte 06.02.18 vart samrøystes godkjent.

## **PS 14/18 Orienteringssak om status for arbeid med tilpassing til ny personvernlov**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.04.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Personvernombud Birgitta Kuik orienterte om arbeid med implementering av ny personvernlov i kommunen. Kontrollutvalet kom med kommentarar og stilte spørsmål som vart svara på. Utvalet gav tilbakemelding om god informasjon. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering.

## **PS 15/18 Kurs i regi av Deloitte 2018 i Tysnes kommune**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan «samfunnsansvar og antikorrupsjon». Det vert planlagt å gjennomføra kurset i samband med første kommunestyremøte hausten 2018.
2. Sekretariatet vert beden om å ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kurset i samarbeid med Deloitte og kommuneadministrasjonen.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.04.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Kontrollutvalet gjennomgjekk og drøfta saka. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan «samfunnsansvar og antikorrupsjon». Det vert planlagt å gjennomføra kurset i samband med første kommunestyremøte hausten 2018.
2. Sekretariatet vert beden om å ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kurset i samarbeid med Deloitte og kommuneadministrasjonen.

## **PS 16/18 Forvaltningsrevisjon av helsestasjons- og skulehelseteneste - forslag til prosjektplan**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ber med dette Deloitte AS om å gjennomføra forvaltningsrevisjon innan helsestasjons- og skulehelsetenesta. Forslaget til prosjektplan vert godkjent (evt. gjort endringar i)
2. Evt. ny korrigerert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 16.04.18.
3. Ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan vert godkjent. Opsjon på timeforbruk på inntil 6 timar for presentasjon av forvaltningsrevisjonsrapport for kommunestyret vert og godkjent.
4. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utløpet av oktober 2018. Rapporten skal då vera ferdig verifisert og rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeida.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.04.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Forvaltningsrevisor Kari Gåsemyr presenterte prosjektplan. Timeliste for prosjektet vart gjennomgått. Kontrollutvalet drøfta og kom med kommentarar til innhaldet i prosjektplanen. Prosjektplan vart godkjent slik den ligg føre. Vedtak som vart fatta var samrøystes.

#### **Vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber med dette Deloitte AS om å gjennomføra forvaltningsrevisjon innan helsestasjons- og skulehelsetenesta. Forslaget til prosjektplan vert godkjent.
2. Ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan vert godkjent. Opsjon på timeforbruk på inntil 6 timar for presentasjon av forvaltningsrevisjonsrapport for kommunestyret vert og godkjent.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan utløpet av oktober 2018. Rapporten skal då vera ferdig verifisert og rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeida.

## **PS 17/18 Årsrapport frå skatteoppkrevjaren og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2017 - Tysnes kommune**

### **Forslag til uttale**

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Tysnes kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført på ein tilfredstillande måte.
2. Kontrollutvalet vil be om å få seg førelagt tilbakemelding frå skatteoppkrevjar vedr. oppfølging av pålegg som Skatteetaten har utført ved Hordaland Interkommunale regnskapskontroll.
3. Kontrollutvalet vil rå til at Tysnes kommune vurderer å auka kontingenten til HKRK.
4. Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Tysnes kommune og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2017 vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.04.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Årsrapportane for skatteoppkrevjing vart gjennomgått og drøfta. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale:**

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Tysnes kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført på ein tilfredstillande måte.
2. Kontrollutvalet vil be om å få seg førelagt tilbakemelding frå skatteoppkrevjar vedr. oppfølging av pålegg som Skatteetaten har utført ved Hordaland Interkommunale regnskapskontroll.
3. Kontrollutvalet vil rå til at Tysnes kommune vurderer å auka kontingenten til HKRK.
4. Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Tysnes kommune og kontrollrapport frå Skatteetaten for 2017 vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

## **PS 18/18 Referatsaker**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.04.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Desse referatsakene vart gjennomgått:

- RS 05/18 – Pressemelding – En ny og moderne kommunelov.  
Gjennomgått og teke til orientering.
- RS 06/18 – Innkalling til representantskapsmøte i Samarbeidsrådet 2018.  
Gjennomgått og teke til orientering
- RS 07/18 – Medlemsinfo frå Forum for Kontroll og Tilsyn  
Gjennomgått og teke til orientering.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek referatsakene til orientering.

## **PS 19/18 Gjennomgang av møteprotokollar**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.04.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Aktuelle protokollar blei gjennomgått og nokre saker blei kommentert. Det var ingen saker ein ville be om meir informasjon om på noverande tidspunkt. Forslag til vedtak blei samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

## **PS 20/18 Eventuelt**

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.04.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Det var ingen saker å ta opp under eventuelt.

#### **Vedtak:**

Ingen vedtak fatta